

– Flytebryggje på Mølletunets eigedom

■ **FØRDE:** Mølletunet as reagerer på at ein båteigar vil utvide ei flytebryggje på gnr. 62/bnr. 46 i Førde kommune. – Vi er ikkje informerte om at det ligg føre søknad om å utvide den allerede ulovleg oppsette flytebryggja på vår eigedom før vi les om det i Firda, skriv Bjørn Solheim. – At brukar av bryggja i si tid bygde på vår eigedom rettferdiggjjer ikkje at han på ny kan ta seg til rette, og vi finn dette uakseptabelt, skriv Solheim, som forventar at Førde kommune ser til at utbyggar rettar seg etter dei reglar og innhentar dei løyve som gjeld for å setje i verk slikt tiltak.

Fjaler rustar opp kinoen

■ **FJALER:** Fjaler kino skal rustast opp til ein pris på 220 000 kroner, om formannskapet følgjer tilrådinga frå rådmannen. Pengane skal gå til digitalisering av kinoen og tilleggsutstyr for 3D-visning. Anlegget skal etter planen vere på plass i løpet av 2010. Dei fleste kinoane i landet skal no digitaliserast, og Fjaler har tidlegare gjeve 340 000 i tilskot til dette. «Dette kan verka som store summer, men til samanlikning skal Førde kino no ruste opp for over 20 millionar,» skriv rådmannen i saksframlegget. Han framhevar at kinoen som arena er viktig for born og ungdom, og at digitaliseringa vil opne for nye moglegheiter.

To mister jobben

GLOPPEN: To fast tilsette mister jobben når Diplom Is legg ned avdelinga på Sandane ved årsskiftet.

SVEIN HEGGHEIM tekst

– Infrastrukturen har endra seg vesentleg sidan avdelinga vart etablert 1. desember 1996, seier drifts- og distribusjonsdirektør i Diplom Is, Jan Kåre Midthjell.

Og det var nettopp han som etablerte avdelinga på Sandane. No er han tilbake for å prøve å finne løysingar for eit mellomlager på Sandane.

– Vi er i dialog med Gloppen produsentlag med tanke på å etablere eit crosslager på Sandane. Håpet er å få det til. Viss ikkje kan etablering i Førde vere eit alternativ, seier Midthjell.

Det er enno ikkje heilt avklara nøyaktig kor mange stillingar som blir knytt til eit framtidig crossoveranlegg. Men ifølgje Midthjell skal ei stilling som salskonsulent lokaliserast til eit slikt anlegg. Det er også behov for sjåforar. Avdelingsleiaren og den stillinga som lagersjef blir overflødige frå årsskiftet.

Gruvesaka før ferien

NAUSTDAL: Naustdal kommune tek sikte på å behandle reguleringsplanen for gruvedig utgreiing og ny høyringsrunde for det omstridde bergverksprosjektet i Engebøfjellet.

Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif, tidlegare SFT) skal i løpet av neste veke ta stilling til kravet.

– Frå kommunen si side er det ingen ting som tilseier at vi ikkje skal kunne fremje saka på det grunnlaget som er no, men dersom Klif kjem til ein annan konklusjon, så vil vi følgje dei. – Men kommunen har vel eit sjølvstendig ansvar til å vurdere dette?

– Ja, det er rådmannen sitt ansvar at saka er godt nok utgreidd, og kommunen har ikkje konkludert enno, seier Kalland.

Saka skal først opp i planutvalet og deretter i kommunestyret. Det gjeld både i Askvoll og Naustdal.



SAMSTEMT: Leiar i kultur- og oppvekstutvalet, Bengt Solheim Olsen (t.h.), og resten av utvalet gjekk mot tilrådinga frå kommunalsjef Anders Moen og vil oppretthalde Steinhovden skule. Men Moen fekk fleirtal for sine tilrådingar om dei andre skulenedleggjingane.

Arkivfoto: Knut Magnussen

Steinhovden skule får leve

■ Men ikkje Standal, Batalden og Årebrot

FLORA: Kultur- og oppvekstutvalet sa i går samstemt ja til å oppretthalde Steinhovden skule. Lokalsamfunna på Batalden, Standal og Årebrot blir derimot utan skule frå kommande haust.

SVEIN HEGGHEIM tekst

– Ei stor lette, seier frontkjempar for å oppretthalde Steinhovden skule, Bjarte Steinhovden.

Men han vågar ikkje senke skuldrene til kvilenivå for etter at bystyret har fatta endeleg vedtak i sitt møte 11. mai.

– Først då kan vi vere sikre, men det gjer godt å registrere at alle politiske parti går for å oppretthalde skulen vår. Det gjer at sjansen for overraskingar er redusert vesentleg, seier Steinhovden.

Påpeika store manglar

Han følgde gårdsdagens møte frå tilhøyrarbenk, og gler seg over at dei har nådd fram med sin bodskap til dei folkevalde. Bygdefolket har påpeika

SKULEKUTT

■ Følgjetongen om nedlegging av fire utkantskular i Flora heldt fram i utval for kultur og oppvekst i går.

■ Administrasjonen tilrår nedlegging av Batalden skule, Steinhovden skule, Standal skule og Årebrot skule.

■ Endeleg vedtak blir fatta i bystyret 11. mai.

frå Steinhovden skule kan vere nøgde er det langt frå tilfelle med dei andre nedleggingstruga skulane.

Tommelen ned for Årebrot Utvalet tilrår samstemt at Batalden skule skal leggjast ned, og at elevane skal overførast til Torvmyrane. Semja var like klar i tilrådinga om å overføre ungdomsskuleelevane ved Solheim skule til Flora ungdomsskule.

Men då var det også slutt på semja. Eit mindretal på to røysta mot å flytte elevane frå Årebrot skule til Krokane. Ein representant røysta mot å overføre elevane frå Standal skule til Stava.

Alle endringane blir sett i verk 1. august viss tilrådinga får fleirtal i bystyret.

svein.heggheim@firda.no

” Det gjer godt å registrere at alle politiske parti går for å oppretthalde skulen vår.

Bjarte Steinhovden

more woman



Velkommen inn til ein hyggeleg handel!

FØRDE – HANDELSHUSET SØR, 2. ETASJE
TLF. 57 72 02 20